



Torger med det første Stranda-måleriet han såg – det som var å finna på heidersplassen i stova heime. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torger Øye (56) som bur i Skorane på Korsnes har truleg ein eineståande Noregsrekord: Han er eigar av minst 100 Stranda-måleri!

Sundag ettermiddag skal omkring 20 av dei spesielle og enkle landskaps-måleria som vart masseprodusert i Lindås-bygda og gav ei god attåtinntekt visast fram under museumsdagen på Rød. Torger har med andre ord fem gonger så mange åleine. Nesten uansett kvar du kjem i det fine huset hans ser du eit Stranda-måleri! Men kor mange han har, veit han ikkje eksakt.



Stranda-målarane laga ikkje så mange vintermotiv, men her er eitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tilskipar og kultursjef Kristian Bringedal er lettare opprømt over den eineståande samlinga som han ikkje visste om før han gjekk ut og etterlyste Stranda-måleri i sommar.

Men korleis kan det ha seg at Øye, som er frå Øyo (Snilstveit så klart) har samla så mange?

- Alle har ein hobby og alle har noko dei samlar på. Det har også eg. Men eg konsentrerer meg ikkje berre om Stranda-måleri, eg likar gamle ting i det heile, seier Torger til uskedalen.no.

Han har ikkje minst fått tak i mange av måleria som ein bi-effekt av jobben. Torger er buss-sjåfør og har køyrt uttallinge grupper mellom Lindesnes og Nordkapp, for å overdriva litt.

Og Stranda-måleria heng overalt. Så vart dei då også sendt over heile kongeriket i fleire tiår. Målarane i Lindås hadde agentar heilt opp til Finnmark.

- Og du voks opp med eit av måleria, Torger....

- Jau, eit Stranda-måleri hang på heiderplassen i stova heime på Øyo og samlinga byrja med det. Og då eg hadde fått tak i mange, ble det kjekt å få



Dette bildet er større enn dei fleste andre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

tak i enda fleire!

- Du legg ikkje spesielle kunstnarlege krav til grunn for innsamlinga?
 - Nei, slett ikkje, men eg har jo freista å få tak i dei måleria som er litt forseggjorte.

Mange av Stranda-måleria må jo ærleg tala karakteriserast som "smøreri". Men eg klandrar sjølvsagt ikkje målarane, produksjonen gjekk jo føre seg i ein viss fart og produksjonstala var utruleg høge.

- Har du truffe nokon av målarane?.

- Nei, men ein gong då eg skulle parkera bussen i Bergen kom eg reint tilfeldig i kontakt med sonen til ein av målarane, han som heitte Hølleland. Han budde i Fyllingsdalen og eg var med han heim og kjøpte nokre av dei beste måleria hans.

- Kva fortel signaturane?

- Dei fortel at det ikkje var så mange som produserte. Hølleland og Johnsen går att, men ein finn også Hørsand, H og Neset.

Av Ola Matti Mathisen



Overalt i Torger sitt hus heng det Stranda-måleri (Foto: Ola Matti Mathisen)